



Torleiv Sandvik
Øvre Sagstad 9
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3146 - 16/466

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
11.01.2016

Godkjenning- Søknad om arealoverføring/grensejustering av gbnr 18/13 til 18/60

Administrativt vedtak. Saknr: 10/2016

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Ved søknad journalført 3.12.2015 har Laila og Torleiv Sandvik søkt om løyve til grensejustering av gbnr 18/60 og arealoverføring av areal (grunn garasje står på) frå gbnr 18/13 til bustadtomt på gbnr 18/60, jf. pbl § 20-1 bokstav m.

Administrasjonen har kontrollmålt areala, og kjem til at arealet som er søkt grensejustert er for stort til å gjelde justering og heile søknaden må handsamast som ein arealoverføring.

Torleiv Sandvik og Laila Sandvik er matrikkelregistrert grunneigar av gbnr 18/13. Torleiv Sandvik er matrikkelregistrert grunneigar av gbnr 18/60.

VURDERING:

Nabovarsling:

Søknaden om arealoverføring vart nabovarsla 30.11.2015 og 1.12.2015 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknader frå naboar.

Plangrunnlag:

Omsøkt areal er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-område (landbruk, natur og friluftsliv). Gbnr 18/60 er opplista i Tab. 9.1 Bygde bustadeigedomar med status som LNF- spreidd bustad. Av føresegnene til kommuneplanen punkt 3.2.1 følger det at arealoverføring inntil 200 m² kan godkjennast utan dispensasjon, dersom LNF- omsyn ikkje blir sett til side. Overføring av areal større enn dette krev dispensasjonshandsaming. Det er ikkje oppgitt størrelse på arealet som er omsøkt, men administrasjonen har estimert arealet av overføringa og grensejusteringa til å vera mindre enn 200 m².

Arealoverføring som omsøkt krev etter administrasjonen sin vurdering ikkje dispensasjon.

Vurdering av vilkåra for deling/arealoverføring, jf pbl § 20-1 bokstav (m):

Arealoverføring er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-1 bokstav m. Det er ikkje krav til bruk av ansvarleg føretak, jf 20-1, 3. ledd, siste punktum. Arealoverføring som omsøkt kjem ikkje i konflikt med pbl §§ 26-1 eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve). Arealoverføringa inneber heller ikkje at eigedomane vert endra på ein måte som kjem i strid med plan- og bygningslova, eller at parsellane vert ueigna ved framtidig utnytting, jf pbl § 26-1. Det er i søknaden opplyst at omsøkt areal med oppført garasje er brukt av bustadeigedommen på gbnr 18/60 og skal framleis brukast av bustadeigedommen på gbnr 18/60. Overføringa er til uendra bruk, og eksisterande garasje med grunn vil bli tillagt den eigedommen som brukar den, og ordnar såleis opp i eigdomsforholda. Administrasjonen vurderer at landbruksmessige forholda ikkje vert sett til sides her. Det vil etter overføring vera i samsvar med føresegnene til kommuneplanen punkt 3.2.1.

Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og vert godkjent som omsøkt, jf vedlagt situasjonsplan stempla godkjent 11.1.2016. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av omsøkt areal frå gbnr 18/13 til gbnr 18/60 på inntil 200 m² i samsvar med søknad journalført 3.12.2016, og som vist på situasjonsplan stempla godkjent 11.1.2016. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast

på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20160111143043

Mottakere:

Torleiv Sandvik

Øvre Sagstad 9 5918

FREKHAUG